## Frontar sosionomane i A-magasinet.

01.09.2018




Sergio Andres Sæbø(t.h.), to sosionomar og ein stortingsrepresentant er intervjua i oppslaget i A-magasinet.

**Sergio Andres Sæbø(21) frå Korsneset er no i gang med siste året av sosionomstudiet ved Oslo Met. I siste nummer av A-magasinet er det er eit større oppslag om sosionomane som nærmast er ei yrkesgruppe som vert mobba av einskilde politikarar. I artikkelen vert sosiomstudenten frå Uskedalen intervjua saman med to sosionomar og stortingspolitikar Christian Tybring-Gjedde(Frp).**




**Hipp.** Sergio Sæbø har hatt sommerjobb på sin drømmearbeidsplass NAV. – Jeg håper jeg kan bidra med et ungt, nytt blikk. Jeg vil bli en hipp sosionom! sier han.

høst på tredje året av studiet ved Oslo Met. I sommer jobbet han på NAV på Frog-ner. Sæbø forteller at han grudde seg til å sit-e i publikumsmottaket.

– Men en mann ble skikkelig takknemlig. Han fikk hjelp til å få sin egen bolig og til å få ivet på rett kjøl. Etterpå kom han og ga meg n klem, sier Sæbø

– Det er slike ting som gjør det verdt det. Sæbø er én av bare ti gutter på studiet.

– Rollen er for alle, og det er behov for

hva hun skal tenke etter møtet.

– Vi er en yrkesgruppe som skal fortelle politikerne hva som ikke fungerer. Det kan være brysomt, oppsummerer hun.

På gaten utenfor viser hun på en enkel måte hva som skiller en sosionom fra mange av oss andre. Vi blir stoppet av en mann i gul jakke som mangler fortenner.

– Unnskyld meg. Jeg skulle gjerne hatt penger til bussen til Hakadal, sier han spørrende.

Vi andre går forbi, men Martinsen stopper

*Jeg håper jeg kan bidra med et ungt, nytt blikk. Jeg vil bli en hipp sosionom!*

Sergio Sæbø Sommerjobb hos NAV

Sergio Andres Sæbø hadde sommarjobb i Nav i Oslo. Faksimile frå A-magasinet.

Trass i svært kritiske uttalar mellom anna frå einskilde politikarar, er talet på søkjarar til sosionomstudiet sterkt aukande. Dei ønskjer å hjelpa trengande. Sergio Andres Sæbø trivest svært godt med studiet i Oslo. I sommar hadde han feriejobb på NAV i hovudstaden. Sergio seier til A-magasinet at han grudde seg litt til å sitja i publikumsmottaket.

- Men ein mann vart skikkeleg takknemleg. Han fekk hjelp til å få sin eigen bustad og til å få livet på rett kjøl. Etterpå kom han og gav meg ein klem, seier sosionomstudent Sæbø til A-magasinet. Han seier at det er slike ting som gjer det verd å bli sosionom.

Talet på søkjarar til sosionomstudiet i Norge har altså auka kraftig dei seinare åra. Over 4000 studentar hadde sosialt arbeid som førsteval i år, og det er ein auke på heile 60% frå 2009.

Sergio seier at han har lært av ei tante at essensen i yrket er å hjelpa andre, og den essensen likar han svært godt! Han er ein av 10 gutar ved studiet på Oslo Met. Han kommenterer det slik i A-magasinet.

- Rollen er for alle, og det er behov for menn. Ikkje berre kvinner i 40- og 50-åra. Eg håpar eg kan bidra med eit ungt, nytt blikk. Eg vil bli ein hipp sosionom, avsluttar uskedelingen Sergio Andres Sæbø i artikkelen i A-magasinet.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Skjermbilde og faksimile frå A-magasinet: Thor Inge Døssland
Foto i A-magasinet: Stein J. Bjørge